# Bokn Bygdablad

Nr. 2 mars 2012 – Årg. 27



Sildefiske – s. 4



Over 5.000 – s. 3



Krabbefiske – s.5



Hent'na Else – s. 11

www.bygdabladet.no

KJEKT PÅ BOKN



# ORDFØRAREN HAR ORDET

*Kjære sambygding*

**Rogfast**
Samferdsleetatane sitt forslag til Nasjonal Transportplan (NTP) blei lagt fram den 29. februar. I planen, som kjem i ny utgåve kvart fjerde år, fortel regjeringa kva ho vil gjera med transportpolitikken dei neste ti åra. Arbeidet med neste utgåve av planen er starta opp og dei fleste statlege samferdsleetatar kjem med sine forslag. Til neste år legg regjeringa fram sitt forslag for Nasjonal Transportplan for perioden 2014-2023.

I det administrative forslaget til NTP blei Rogfast-prosjektet meir nedprioritert enn ynskjeleg. Ei årsak er at Statens vegvesen justerte opp kostnadane med to milliardar kroner. Men det er ikkje funne plass til pengane før i siste del av 10-års-perioden som NTP-en skal gjelda for. Samstundes er det ein føresetnad at løyvingane til samferdsel skal justerast opp med 45 % i forhold til i dag.

Eit anna krav er at det blir semje i forhold til eit opplegg for delvis bompengefinansiering av Boknafjordkryssinga. Her kan nemnast at fylkestinget i Rogaland den 6. mars sa ja til førehandsinnkrevjing av bompengar i Boknafjordsambandet.

Lyspunktet i forslaget er likevel at Rogfast er blitt framskunda i tid. Vegstyresmaktene reknar nå med ein oppstart i 2015 og sju års anleggstid. I tillegg vil staten auka den statlege delen frå 500 millionar til eìn milliard. Prislappen for prosjektet er nå på åtte milliardar kroner.

Signala frå det politiske miljøet i Rogaland er likevel positive. Det er ei klar oppfatting at Rogfast er eit prosjekt som kan byggast uavhengig av statlege løyvingar då ein meinar trafikkgrunnlaget og inntektene frå bompengar er så pass stort, og at prosjektet tvingar seg fram i kraft av storleik og samfunnsmessige nytte.

For Bokn kommune sin del går reguleringsplanarbeidet uansett vidare. Dette er også tilbakemeldingane frå prosjektleiinga i Statens vegvesen. Det blir gjennomført jamlege administrative møte mellom dei tre vertskommunane Bokn, Kvitsøy, Randaberg og Statens vegvesen og regionale mynde. I tillegg blei Irene Risheim Kristiansen på nyåret tilsett som plankoordinator for dei tre vertskommunane for Rogfast. Ho jobbar på Boknatun eìn dag i veka og er sentral i forhold til det plan







messige arbeidet som nå blir utført i Bokn kommune.

I samband med oppstart av reguleringsplanarbeidet for Rogfast har Fylkesmannen i Rogaland kome med tydelege innspel til massedisponeringa, og ber om at det blir laga ein samla massedisponeringsplan for utbygginga. I desse dagar blir det sett på moglege deponeringsområde for tunnelmassar frå Rogfast i området sør for Knarholmen.

Elles er det frå politisk hald i Rogaland positive tilbakemeldingar på forslaget til ny NTP, mellom anna fordi det er sett av store midlar til vedlikehald i fylket. Dette viser at det er gjort mykje godt arbeid lokalt inn mot sentrale styresmakter.
Signala frå sentrale Rogalandspolitikarar gjer også optimisme i forhold til gjennomføringa av Rogfast-prosjektet. Forslaget til NTP er eit administrativt forslag - det er nå jobben skal gjerast politisk for å få Rogfast inn i NTP med høgast mogleg prioritet. Den jobben tar me på alvor i Bokn, og eg veit at haldninga er den same hjå politikarar og næringslivet elles i fylket. Med strategisk og målretta politisk arbeid i tida framover er eg sikker på at Rogfast blir ein realitet innan den tida ein jobbar utifrå i dag.

*Ordføraren*

# Ny seksjonssjef i kultur, skule, barnehage

Jardar Havikbotn

**Bjørn Nøttum har fire månader bak seg som seksjonssjef kultur, skule, barnehage i Bokn kommune.**



**Bjørn Nøttum**

43-åringen er frå Oslo, flytta til Haugesund i 1999, kor han bur saman med kone og to barn. Før det hadde han, etter lærarskule på Stord – med påfølgande IT-utdanning og skuleleiarutdanning, vore lærar i Vardø, Oslo, og på ein norsk skule i den afrikanske republikken Mali.

Nå har han eit langt opphald bak seg på Breidablikk læringssenter, midt i byen. Der har Bjørn vore lærar på dei ulike avdelingane, IKT-ansvarleg, og dei fem siste åra inspektør ved spes. ped.-avdelinga. Den interessante jobben som seksjonssjef i Bokn kom på eit gunstig tidspunkt. Han kjende han var klar til å prøva noko nytt.

Og mykje nytt har Bjørn fått i fanget. Han fortel om ein stor overgang.

- Ja, det tar nesten et par år å sette seg inn i alt, og man må ha et visst perspektiv på det, seier austlendingen, som trivst godt med dei nye arbeidsoppgåvene.

Han meiner den største overgangen frå den førre jobben er at Bokn kommune er ein så liten organisasjon med liten administrasjon, og mykje er avhengig av enkeltpersonar. Blant store saker nemner han planarbeid, fleirbrukshall og barnehage. Han er fullt klar over utfordringane med forventa befolkningsvekst dei neste åra, med tanke på skule og barnehage, og synest det er spennande å vera med på og finna dei rette løysingane.

Bjørn, som er glad for at han er blitt veldig godt tatt i mot i Bokn, er ein friluftsmann, som likar å gå på tur, likar å trena, og elskar å gå og stå på ski.

- Sånt sett bor jeg på feil plass da, ler han.

Tre dagar i veka tar han hurtigbåten til Bokn, og syklar då heimefrå til kaien i Haugesund.

Han er også glad i musikk, og har sunge i kor (”Vissjazzkoret” og ”Haugesund vokalensemble”) heilt til han fekk det for travelt med ny jobb og ny bustad. Ellers er han, som mange andre foreldre, inne i det han kallar ”taxiperioden” – med køyring her og der med aktive barn.

**På måndagane har Bjørn kontor på Boknatun, ellers er han å treffa på skulen, med tlf. 52 75 25 50 – 40 42 75 63.**

# Folk går til postkassebøkene

Jardar Havikbotn

**Over 5.000 skreiv seg opp i postkassebøkene på Boknafjellet, Vardafjellet og Boknahåve i 2011. Det er heile 1.012 meir enn rekorden frå 2010.**

Også i fjor stimulerte Bokn kommune si enkle, men effektive oppfordring til friluftsliv, fastbuande og besøkande turgåarar, joggarar, syklistar, m.m. til å føra opp namna sine i bøkene på dei ulike stadene.

Vinnarane får kvar sitt gåvekort (kr. 500,-) på XXL-butikken på Raglamyr. Premien kjem i posten.

**Boknafjellet**
Her var det 3.931 namn i boka, mot 3.272 i fjor. Den som blei trekt ut var nr. 335, **Jan Lilleland, Sandnes.**

**Vardafjellet**
Her var det 925 namn i boka, mot 627 i fjor. Vinnar blei nr. 622, som er **Tormod Våga, Bokn**.

**Boknahåve**
Her var det 199 namn i boka, mot144 i fjor. Nr. 544, **Liv Engen, Bokn** blei trekt ut som vinnar.



**Mange skreiv seg opp i boka på Boknafjellet under ”Himmelsk Jazz”-arrangementet 10. august i fjor.**

**Me gratulerer!**

**Takk til Silje Aksdal og Wenche L. Havikbotn for sporty innhenting av nødvendig informasjon på dei ulike stadene.**

# Fotterapi i nytt lokale

Jardar Havikbotn

**Nå finn du Bokn Fotterapi ved sida av Allrommet på Boknatun.**

Rita Bokneberg har ikkje flytta langt, frå fysioterapeut-rommet i same etasje, men dei siste månadane har vore vanskelige, både for henne og kundane hennar. Det blei nemleg ein brå slutt då ho fekk veta at ho måtte ut dei gamle lokala.

Utan nokon ny plass å flytta til måtte Rita stenga klinikken ein periode. Ho fortel om ei vanskeleg tid utan ledige lokale. Nå har det ordna seg.
- Med god velvilje frå både kommune og brukarar har eg nå fått moglegheita til å bruka lokalet som ligg ved sida av allrommet.

Fotterapeuten er utruleg takknemleg for all støtte, og vil retta ein stor takk til alle som har stilt opp.
- Eg gler meg over å kunne få starta opp som fotterapeut igjen, å vera ein del av helsedelen i kommunen, avslutar Rita, som ynskjer både gamle og nye klientar velkomne.



Fotterapeut Rita Bokneberg ynskjer velkommen til fotpleie ved sida av Allrommet.

**Dei nye opningstidene er onsdag kl. 08.15-12.30 og torsdag kl. 08.15-14.00.**

**Timebestilling tlf. 99 70 74 28**



# Sildefiske

Kjetil Hamre

**Sildefisket hadde igjen en stor skare båter som brukte Føresvik som base. Fin havn og butikk er kanskje noe av årsaken, men silda må jo også være i nærheten, det har den vært i år også.**

Selv om fiskerene har vært noe uenige om fangstresultatet, har det i alle fall vært noe sild å hale.

Den utskremte snakket med en «lys»-fisker for noen uker siden, og hos han var ikke optimismen stor.
- Silda går ikke på lys, sukket han da. Om dette endret seg ut over i fisket skal være usagt.

Det mest spektakulære var nok likevel et kast som ble gjort rett utenfor kaia i Føresvik **(bildene).** Her ble det snurpet sammen nær 30 tonn sild. Båten hadde med det nådd sin kvote på 600 tonn sild, og skipperen var selvsagt fornøyd med det.

**Salt til silda blir det av slike tall!**







# Satsar på krabbefiske

Jardar Havikbotn

**Jan Are har selt alt storfe på garden og investert i ny båt. Nå vil han minka ned på gardsdrifta og gå meir på sjøen.**

- Berre sauene er igjen for å halda beitene i sjakk. Det blir ikkje slik drift eg har hatt, nei, fortel 52 åringen.

Den flotte Selfa-båten, som har fått namnet ”Mira”, er bygd i Trondheim, 35 fot lang, 3,8 m brei, og kan lasta 12 tonn. Ein 425 hk Cummins motor gjer at farkosten går 25 knop på full fart. Marsjfarten er 15-20 knop alt etter kor mykje diesel ein vil bruka. Jan er også godt nøgd med ”Mira” sine sjøeigenskapar. Skroget er t.d. forma slik at båten slingrar lite.

**Krabbefiske**

Båten stikk berre 70 cm ned i sjøen, med tanke på å fiska krabbe når det er grunt. For det er høvring-fiske som Jan i første rekke vil halda på med. Krabbefiske blir det heile året, men han vil også fiska t.d. sei, torsk og sild. Verksemda blir saman med eldstesonen Jens.

- Me har nettopp kjøpt oss 100 teiner kvar, så nå har me 400 stk. Jens var ute med ”Arsbuen” og drog teiner medan eg var på besøk.

I første omgang vil dei levera til fabrikk, men det kan henda dei startar opp med sjørelatert verksemd dersom området rundt sjøhuset blir omregulert til næring, slik Jan har søkt om i kommuneplansamanheng.




**27. februar la”Mira” til ved Are Brygge for første gong.**



**Jan Are med nokre av dei nye teinene.**



**Jan er maskinist og vil sjølv setta inn utstyr i båten. Han får god hjelp av eldstesonen Jens, som også er teknisk sjømannutdanna.**

# Bokn får betjent mobilt avfallsmottak til våren!

**Fredag 20. april vil HIM plassere ut et betjent mobilt avfallsmottak i Føresvik. Til dette kan privatpersoner og mindre virksomheter levere alle typer avfall.**

Mottaket vil ha åpent i tidsrommet 16:00-18:00 denne fredag samt to helger til høsten. Mottaket vil også plasseres ut i Tysværvåg, Skjoldastraumen og Vikedal. Se åpningstider nedenfor.

For å redusere HIM`s behandlingskostnader og øke miljønytten må alt avfallet sorteres. Sjåføren vil selvsagt veilede og hjelpe til ved behov. I første omgang dreier dette seg om et 2-årig prøveprosjkt.

Det mobile avfallsmottaket vil betjenes av vår renovatør RenoNorden AS som har god erfaring med denne typen mottak flere steder i Sør-Rogaland.

Et sentralt prinsipp i forurensningsloven er at forurenser skal betale. D.v.s. at de som leverer avfall skal betale for behandlingen av dette. HIM tar derfor betalt i forhold til avfallsmengden du leverer. Dette koster fra 50 kr til noen hundrelapper og dekker deler av HIM`s behandlingskostnader. Resten dekkes av renovasjonsavgiften.

Som kjent har HIM betjente mottaksanlegg på Toraneset i Skjold, Årabrot i Haugesund og Tongane i Etne. Husk på at Toraneset Miljøpark også lørdagsåpent! Åpningstidene for våre mottak finner du på him.as

Når du leverer ditt avfall til våre mottak og sorterer det, sørger du for at HIM kan behandle dette på beste måte for miljøet!

Som en følge av denne nye ordningen og økte miljøkrav vil restavfallscontaineren ved ”miljøstasjonen” fjernes like over påske. Glasscontaineren vil beholdes.

**Åpningstider, mobilt mottak**

**Bokn, Føresvik:**
Fredag **20/4** kl 16:00-18:00
Lørdag **15/9** kl 09:00-11:00
Lørdag **29/9** kl 15:00-17:00

**Tysværvåg**
Lørdag **21/4** kl 09:00-11:00
Lørdag **28/4** kl 09:00-11:00
Lørdag **15/9** kl 15:00-17:00

**Skjoldastraumen**
Lørdag **21/4** kl 15:00- 17:00
Lørdag **28/4** kl 15:00-17:00
Fredag **28/9** kl 16:00-18:00.

**Vikedal**
Fredag **27/4** kl 16:00-18:00
Fredag **14/9** kl 16:00-18:00
Lørdag **29/9** kl 09:00-11:00

**Magnus T. Hauge**
**Leder Info. & Plan- HIM**
**Tlf 52765044/90120188**

# Avslørte svindlarar

Jardar Havikbotn

**Bunndata utførte oppdrag frå forsikringsselskapa i Noreg.**

Boknafirmaet gjorde alle operasjonar under vatn i Sandnes 29. februar. I tillegg festa dei wire i alle bilane, slik at Kystvakten kunne få dei trygt om-bord i KV Tor.

Salssjef i Bunndata, Bjørn Egil Yrkje, er svært glad for at oppdraget frå FNO, Finansnæringens Fellesorganisasjon, var 100% vellukka.

- Jobben var stor og omfattande (16 timar), og medførte mykje planlegging i forkant. Det blei brukt sidescan i søk etter objekt, og ROV for å dokumentera bilar.

På bokn.no kan du sjå video frå operasjonen.

---

**Bilane blei heiste om bord i KV Tor.**

**Foto: Bjørn Egil Yrkje**



## Lokalt

# Skilt i vinden

Kjetil Hamre

**Opplysningskiltet til Bokn kommune ble tatt av stormer i vinter.**

Ute på Are hadde det stått og bokstavelig talt vaiet i vinden i blest etter blest. Til slutt måtte det gi etter for naturkreftene.

Det ble først funnet midt i veien av en buss, for så senere ende opp i fjære steinene flere hundre meter borte fra metallstolpen sin. Detaljene er vel ikke så lette å se, men topp og bunn på skiltet er rett og slett sprukket, og skiltet revet av stolpene.

Etter en liten skattejakt var det vakt-mester-Arild som fant det til slutt. Nå skal det opp og på plass igjen. Forhåpentligvis vil ikke skiltet lide samme skjebne neste storm.




# - Folk er blitt meir miljøbevisste.

Jardar Havikbotn

Dette seier Magnus T. Hauge til Bokn Bygdablad. Dei merkar at brukarane er blitt flinkare å sortera.

- Miljøparkane har hatt auka aktivitet etter fjerning av miljøstasjonar. Han nemner at Toraneset i 2011 hadde ei auke på heile 43%.

Det har knytta seg spenning til korleis det vil sjå ut på miljøstasjon-området når restavfallscontaineren **(bildet)** blir fjerna og det mobile avfallsmottaket trer i kraft.

Informasjonsleiaren i HIM kommenterer dette slik:

- Ei kvar ordning som blir misbrukt, står i fare for å bli inndrege.

La oss håpa at også folk i Bokn er blitt så miljøbevisste at me ikkje mistar både containarane og det mobile avfallsmottaket.



# E39 i kveldsskodd

Etter senvakt fra jobb i tjukke skodd
Med blikk rett frem og litt ubekvem
Kom ei rekke trailere i tungvektklassen
Med trøkk på gassen
Ut av skoddeeimen da jeg var på vei til heimen

De har det travelt og vil spare tid
Derfor går det fort på E39
Men trailermann som kjøre kan
Har ikke tid å lese skilt der det er fare for vilt
Men aller verst er om menneskeliv går
I den farten som vogntogene får

For de rekker neppe å stoppe opp selv for en hund
Når de ruller 22 meter pr sekund
I 80 km/timen,
For det går fort når de kommer i trailerstimen

Min kjørelærer lærte meg dette;
"Slipp dem forbi og la dem ikke presse bak
Hvis ikke du vil ende ditt liv paddeflat"
Doningen med tyngde og krefter trenger tid å stoppe
Samarbeid med dem, for du rekker aldri ut av bilen hoppe

**Kari Hetland**

## Bokn kommunestyre

**Bokn Arbeiderparti**
Kyrre Lindanger (ordførar)
Anne L. Faye
Arne Hosaas
Ronny Taraldlien
Unni W. W. Høivik
Christine B. Christiansen

(Marie L. Faye, 1. vararepr.)

**Bokn Senterparti**
Trond Egil Nedrebø
Tormod Våga
Johannes Nilssen
Hanne Marte Vatnaland
May Jorunn Vatnaland

(Daghild G. Alvestad, 1. vararepr.)

**Bokn Høyre**
Lars Arvid Norekvål (varaordf.)
Ann Jeanette S. Olaussen
Sonja Mikkelsen
Edgar Våge
Eiliv L. Staalesen

(Onar Alvestad, 1. vararepr.)

**Bokn Kristelig Folkeparti**
Sigmund Alvestad

(Oddvar Hognaland, 1. vararepr.)

## Bokn formannskap

Kyrre Lindanger Ap (ordførar)
Lars Arvid Norekvål H (varaordf.)
Anne L. Faye Ap
Ann Jeanette S. Olaussen H
Arne Hosaas Ap
Tormod Våga Sp
May Jorunn Vatnaland Sp

**Vararepresentantar:**

**For Ap og H:**
Ronny Taraldlien Ap
Sonja Mikkelsen H
Unni W. W. Høivik Ap
Edgar Våge H
Solrun Anette Ognøy Ap
Eiliv L. Staalesen H

**For Sp:**
Johannes Nilssen Sp
Trond Egil Nedrebø Sp
Hanne Marte Vatnaland Sp
Sigmund Alvestad KrF

## Bokn forvaltningsstyre

Eiliv L. Staalesen H (leiar)
Unni W. W. Høivik Ap (nestleiar)
Edgar Våge H
RonnyTaraldlien Ap
Sonja Mikkelsen H
Trond Egil Nedrebø Sp
Hanne Marte Vatnaland Sp

**Vararepresentantar:**

**For Ap og H:**
Onar Alvestad H
Christine B. Christiansen Ap
Tore Lund H
Marie L. Faye Ap
Anne Mette Jøsang H
Gunnar Solberg Ap
Olav G. Larsen H

**For Sp:**
Johannes Nilssen Sp
Sigmund Alvestad KrF
Anita Kro Sp

## Bokn konfliktråd

Representant: Helga S. Alvestad
Vararepresentant: Arne Hosaas

## Haugaland Inter-kommunale miljøverk IKS

Representant til styret:
Ann Jeanette Olaussen

Vararepresentant:
Trond Nedrebø

Representantskap

Medlemmer:
Kyrre Lindanger
May Jorunn Vatnaland

Varamedlemmer:
Anita Kro
Eiliv Lokna Staalesen

## Bokn kontrollutval

Daghild G. Alvestad (leiar)
Olav L. Rossebø (medlem)
Christine B. Christiansen (medlem)

**Varamedlemmer:**
Osmund Våga
Rita Bokneberg
Bottolf Knutsen

## Interkommunalt utvalg for idrettssektoren

Medlemmer: Jardar Havikbotn
Marita Svendsen

Varamedlemmer: Unni W.W. Høivik
Christian Bottolf Knutsen

## 17. mai- komite

Fast sekretær:
Kultursjef Jardar Havikbotn

Leiar: 1. år: ordførar
2. år: varaordførar
3. år: leiar forvaltning
4. år: nestleiar forvaltning

## Overligningsnemnd

Medlemmer: Kari Christensen
Trond Nedrebø

## Ligningsnemnd

Medlemmer: Dagny Grønnestad
Finn Kro

## Bygdabladnemnd

Medlemmer:
Kjetil Hamre
Elisabet Taraldlien
Hanne Marte Vatnaland

## Karmsund Inter-kommunale Havnevesen

Havnestyret: Tormod Våga

Havnerådet:

Medlem: Kyrre Lindanger
Varamedlem: May J. Vatnaland

## Haugaland Kraft

**Til generalforsamlinga:**

Delegat med stemmerett:
Kyrre Lindanger
Varamann: Lars Norekvål

Delegat uten stemmerett:
Eiliv Lokna Staalesen
Varamann: May J Vatnaland

**Til styret:**

2. vara til styret: Lars Norekvål

## Styret i Bokn musikkorps

Medlem: Ordførar
Varamedlem: Varaordførar

**Framhald i neste blad.**

# Fiskarhistorie på årsmøtet i Bokn historielag

Reidar Alvestad

**Årsmøtet til Bokn historielag var i år lagt til Lars Magnus Alvestad sitt sjøhus i Alvestadkroken den 1. mars 2012 kl. 19.00.**

Leif Vatnaland ynskte velkommen, og takka Lars Magnus Alvestad som stilte lokala til disposisjon. Han gjekk så over til tema for kvelden, som var fiske før i tida. Han fortalde om første gongen han sjølv var med på fiske, og korleis tilhøva då var om bord på fiskebåtane når det gjaldt buforhold, kosthald, måltid mv. Arbeidet var hardt, då dei den gongen mangla det meste av tekniske og andre hjelpemidler som ein har tilgang på i dag. Også buforhold og dei hygieniske tilhøva har endra seg til noko heilt anna enn det var i den tida.
Vidare gjekk Leif Vatnaland gjennom ei historisk orientering om fiske i Bokn som var laga av Birger Lindanger.

Til slutt var ordet fritt om temaet fiske, og m.a. hadde Arne Øvrebø fleire historier. Til dømes om når nytt utstyr etter kvart kom i bruk. Han fortalde om det første ekkoloddet som fiskaren Reinert Bokn hadde skaffa seg.

**Årsmøte**
Deretter gjekk ein over på sjølve årsmøtesakene.
Leif Vatnaland las årsmeldinga for 2011 som deretter vart vedtatt.
Eivind Øvrebø la fram rekneskap for 2011. Beholdning 31.12.11 var **kr. 3.871,60.**
Rekneskapen vart vedtatt.

Valnemnda hadde gjort fylgjande innstilling til nye styremedlemmer og varamedlemmer:

Nestleiar:
Harry Vågshaug 2012 – 14
Kasserar:
Eivind Øvrebø 2012 – 14
Styremedlem:
Olav G. Larsen 2012 – 14

Varamedlemmer:
Sigvart Våga 2012
Eva B. Svendsen 2012

Valnemnda sine framlegg til nye styremedlemmer og varamedlemmer vart vedtatt ved akklamasjon.
Elles sit desse vidare i styret i 2012:

Leif Vatnaland, leiar,
Reidar Alvestad, sekretær,
Arne Øvrebø, styremedlem.

**Val av utsendingar til fylkesårsmøtet den 17. mars i Stavanger:**
Harry Vågshaug og Reidar Alvestad.
Varamenn: Eivind Øvrebø og Olav G Larsen.

**Auke i medlemskontingenten**
Det vart så røysta over eit framlegg frå styret om å auka medlemskontingenten frå kr. 100,- til kr. 150,- frå 2013. Noko av bakgrunnen for dette er at fylkeslaget skal ha kr. 80,- pr. år, slik at det berre er att kr. 20,- pr. år til lokallaget. Framlegget om auke til kr. 150,- frå 2013 vart vedtatt.



**Kaffipause med høve til å betala kontingent og ev. melda seg inn i laget. Solholm-styrehuset i bakkant.**

**Kaffipause med drøs og film frå fiskarmiljøet**
Det var kaffi med noko attåt og tid til ein god drøs. Det var høve til å betala kontingenten, og historielaget fekk også nye medlemmer.

Til slutt vart det vist ein film om fiskarlivet blant boknarar frå 1970-åra og fram til 1980, altså for 30 -40 år sidan. Mange kjenningar dukka opp på filmlerretet, og nokre av dei som var til stades kunne sjå seg sjølv. Fiskebåtane som var frå Bokn på denne filmen var Rundesund som var på sildefiske hausten 1976. Me såg også Junior 1 på tråling 1975 – 1978, og Venadis frå tidleg haust i 1970.
Magnar Are hadde redigert filmen.

Etter filmframsyninga kunne dei 21 frammøtte sjå seg om på sjøhuset som har mange reiskapar og anna utstyr, og bilete frå fiske i 2 etasjar.

Bokn historielag har nå 32 medlemmer.

## Båtutstilling på biblioteket

3. klasse har laga båtar i faget "Kunst og Håndverk" med lærar Ina V. Tangen.

19 fargerike båtar var flott å sjå på!



# Kulturstipend

Jardar Havikbotn

**Ida Havikbotn (12) fekk Coop Marked Bokn sitt kulturstipend 2012.**

Stipendet er på 6.000 kr. og skal brukast til eigenutvikling. Den glade prisvinnaren, som representerte Bokn sitt sceneinnslag på UKM Rogaland Fylkesmønstring 16. - 18. mars, har ikkje bestemt seg enno for korleis ho vil bruka stipendet i tråd med statuttane.

Ida kunne ikkje vera til stades då prisen skulle delast ut på Coop Marked Bokn sitt årsmøte 13. mars, men vil vera der neste år og synga for forsamlinga.

Kretsutvalsleiar Olav L. Rossebø, seier til Bokn Bygdablad at stipendet, i det utvida kulturbegrepet i Bokn kommune, er retta mot ungdom under 25 år, som har blitt gode, eller som er i ferd med å bli gode i noko.

Boknarar som tidlegare har fått prisen er Harald Trosnavåg, Benedicte O. Mæland og Janne Elin Vatnaland.




**Kretsutvalsleiar i Coop Marked Bokn, Olav L. Rossebø, delte ut kulturstipend til Ida Havikbotn.**

# Loppemarknad på Kyrkjebygd!

**Lenge har me (Elisabet og Annette) snakka om å "gjere noko" for å tene nokre ekstra kroner til arbeidet vårt i lag med stiftinga THK på Karmøy. Ideen har blitt te etter fleire diskusjonar fram og tilbake, korleis gjere me…**

**Me sette i gong med loppemarknad!**

Og nå, etter to hektiske dagar med mykje lopper, mykje folk, mykje god mat og utruleg hyggeleg stemning, sit me igjen med ein sers god følelse. Folk er utrulege, og gir mykje flotte ting til loppemarknaden! Så kjem dei jaggu meg att, pluss mange, mange fleir, å handlar lopper, kaffi, kaker og litt lopper til!





Me kunne telje opp mot tretti besøkande på laurdag, og nermare femten besøkande på sundag. Ein kan ikkje anna enn være sers nøgd med slike tal! Og salet gjekk i store pluss-tal, ganske nøyaktig fem tusen kom inn på dei to dagane! Det er utruleg!

Me nytter anledninga til å takke alle som har gitt lopper til dette gode føremål, og tusen takk til alle som handla hjå oss!

Så fann me ut at me vil vel eigentleg ikkje gje oss med dette…

**Ny loppemarknad**
Og hermed kan me annonsere at neste loppemarknad vil finne sted same plass, **21. april** (det kjem plakatar og), KUN laurdag denne gong, men lengre opningstid. Frå klokkå 12:00 – 18:00.

**Lopper vil me ta i mot på Artep, KVAR onsdag, mellom kl. 16:00 – 20:00**

Meir informasjon om stiftinga THK, kan ein finne på internett, og heimesida til stiftinga: thk.no

**Helsing Elisabet og Annette** ☺

# Alt skal fram

Det har blitt sagt, og nå skrevet at Bokn Senterparti først og fremst har valgresultatet fra september i bakhodet når det blir stilt spørsmål ved, og etter hvert også krevd lovlighetskontroll av saksgang. La det være klinkende klart at dette ikke er tilfelle hverken i disse eller andre saker.

Valget var over i september også for SP sin del, som siden den gang har lagt ned mye tid på å ha to tanker i hodet samtidig: Å føre en framtidsrettet og gunstig politikk for Bokn, og samtidig stille kritiske spørsmål ved det vi mener er kritikkverdig politikk eller saksgang, noe som er en særs viktig del i det politiske oppdraget, og som SP i aller høyeste grad tar på alvor.

Få politikerkollegaer har noen gang blitt stående fast ord mot ord i en sak, og grunnen til det er at det finnes lover og regler som nettopp skal motvirke dette. Det skal enkelt og greit ikke skje, men det har skjedd og fast står man. Detaljene har blitt diskutert opp og i mente, men like fullt står ord mot ord.

Når dette så skjer, er det viktig å komme til bunns og få alt som ikke skal være konfidensielt frem i lyset. Her viser vi til prosessene i kontrollorgan på Stortinget, hvor de partiene som blir kontrollerte som en regel stiller seg helt og fullt bak kontrollen, for også de har interesse av å bli renvasket om det skulle finnes noen tvil. Proporsjonene er annerledes, men prinsippene om åpenhet og demokrati er de samme også på lokalt plan, og offentlighetsloven er en nasjonalt gjeldende lov som Senterpartiet har kjempet igjennom.

SP var fullstendig klar over den negative PR partiet ville få fra noen kanter ved å ta tak i saken. Alt man foretar seg i en saksgang bør tåle offentlighetens lys. Det gjorde det ikke denne gang, og SP krevde lovlighetskontroll.

Begge saker er i skrivende stund til vurdering hos fylkesmannen. Om AP/H har rett når de mener det ikke finnes noe kritikkverdig ved saksgangen vil vise seg. Uansett hvordan vurderingen fra fylkesmannen lyder, så står SP for valget om å ta i bruk lovlighetskontroll som er en demokratisk rettighet og metode beskrevet i kommuneloven for å si i fra når man mener noe er galt. At AP/H mener det er «sløsing med knappe midler» å gi beskjed, mener vi er direkte urovekkende. På Bokn må der finnes vilje til å gi beskjed og ta tak i de områder og forhold som ikke fungerer som det skal!

Når det gjelder det politiske klimaet står både Senterpartiet og de andre partiene fritt til å stemme enten for eller imot god eller mindre god politikk, og dette gjelder også de individuelle partimedlemmene. Dette har Senterpartiet vist, og vi vil fortsette å samarbeide på de områdene vi er enige med flertallet, og gå vår egen vei når vi mener der finnes bedre alternativer. God politisk dynamikk er å holde de ulike sakene adskilt, og ikke se på opposisjonen som kverulant i tilfeller hvor man kort og godt er uenig. Uenighet både tåler og gagner det politiske miljøet i Bokn.

**Bokn Senterparti**

## Bokn Bygdablad for 20 år sidan

**FRÅ NR. 2 1992**

### ARSVÅGEN BETRE ENN RYKTET SITT

Ut frå alt som er skrive og sagt i radio skulle ein tru at Arsvågen ferjeterminal har harr enormt med kanselleringar p.g.a hamneforholda.

Dette er nok ikkje tilfelle. Bokn Bygdablad har hatt kontakt med Vegkontoret og Rogaland Kystferger, og driftsleiar Torleif Frafjord ved ferjeselskapet seier at Arsvågenhar hatt like god regularitet på ferjene som Mekjarvik og Skudeneshavn i tida etter at ferjeterminalen blei åpna sommaren 1991.

Totalt har det vore 3 kanselleringar på Arsvågen, og det er ikkje meir enn det har vore på dei andre ferjeterminalane i Randaberg og Skudeneshavn. Det som er det største problemet i Arsvågen er drag i sjøen. Dette problemet har dei også i Mekjarvik, og det er vel grunn til å tru at også Mortavika kan bli ei utsett hamn?



TRAFIKKAUKE

Elles opplyser Frafjord at trafikken over Boknafjorden har auka. I januar var det ein auke på 20% av trafikken, og i februar ca. 15,5%. Skudeneshavn tar 20% av trafikken, mens Arsvågen tar 80%.

Frå 1. april vil det bli visse rutejusteringar, og ein kjem så tilbake tilomtrent same rutene som gjekk før den siste justeringa. Nattseilingane vil halda fram også frå 1. april.

Frå Bokn vil sannsynlegvis den første daglege avgangen bli kl. 05.30, og den siste kl. 02.00

# Hent ´na Else!

## Litt om ungdommane i gamleheimen

Birger Lindanger

**Nitti år?**
Om morgonane ser eg henne lett trippande med *Kasper* – ein to-årig golden retriever i band. Kven som går tur med kven, er ikkje så godt å seia. Men ho er alltid fjåg, alltid klar for ein drøs, alltid med eit glimt i auga. At denne jenta nett har runda dei nitti er ikkje til å tru. Men både ho og mannen har nett hatt stort selskap – Helge for å markera dei 95, ho for dei nitti. Gjennom 20 år var ho vel så viktig for boknarane som ordførar og rådmann. Ho var heimesjukepleiar og jordmor – ei livsviktig dame å ha på øyane.

Me vekslar ord og eg høyrer snart at ho har opphav lenger sør enn Aksdalsneset.
- Jadå, kvitrar ho på bokndansk. Eg såg dagens lys i mars 1922 i Fredrikshavn heilt nord i Danmark rett sør for Skagen. Far mine heitte Olesen til etternamn og var hjulmakar av yrke. Då det gjekk av moten med hest og kjerre, hoppa han over til fiskaryrket. Det var ikkje så unaturleg sidan farfar min hadde vore fyrvaktar. Elles var mor mi heimeverande, noko anna var utenkande i dei tider. Og eg fekk ein framifrå fin heim og oppvekst."

Etter folkeskulen gjekk eg fyrst på sjukepleieskulen. Då eg var ferdig utdanna, var me tri venninner som ville ut og prøva eventyret. Me valde Noreg, og ved eit tilfelle enda me i 1949 på Molde sjukehus. Der blei me så framifrå vel mottekne. Dinest gjekk vegen til Ullevål sjukehus i Oslo. Der mistreivst me og søkte oss difor heilt opp til Kirkenes. Det blei det ikkje noko av, i staden hamna me i 1952 på sjukehuset i Stokmarknes i Vesterålen. På ny blei me framifrå vel mottekne.

**Hitler fekk bank!**
Det var der det skjedde, det kom inn ein beskjeden fiskar og småbrukar frå Kalljord, Helge Nilssen heitte han. Det viste seg at han også var krigshelt, han hadde vore med på å gje Hitler sitt fyrste nederlag ved Narvik. Nå hadde han drive og pløgd i åkeren, var uheldig og skadde foten. Etter operasjonen var det eg som fekk ta meg av han.

Det viste seg at han hadde motorbåt. Med den gjorde han seg stadig oftare ærend over til Stokmarknes. Men så ein dag blei han lagd inn på sjukehus att, han hadde fått blindtarmbetennelse. På ny laut eg ta meg av han. Eg kunne ikkje la han halde fram slik, så i 1953 gifta me oss og eg flytta til Kalljord som småbrukarkone. Året etter fekk me eldsteguten, Sverre. Sidan og fram til 1962 fekk me fem born til.



**Eit typisk pasientbesøk innebar ofte mykje lått og løye. Her er Else i god drøs med Jørgen Are i 1979.**

**Foto: Ukjent**

Helge var ute på jobb på handelslaget, så det blei mykje eg som måtte ta meg av den veksande barneflokken og småbruket med to – tri kyr og nokre sauer. Ikkje bare det, dei to gamle foreldra til Helge budde også heime hjå oss. På toppen av dette tok eg jordmorutdanning.

**Til Bokn**
Etter at svigermor mi døydde 93 år gammal i 1968 dukka det opp ein lærar her i bygda, Reidar Alvestad heitte han visst. Han fall fort inn i omgangskretsen vår, og ein dag var han frampå om at ein i heimbygda hans trengde ein heimesjukepleiar. Helge var lysten på å flytta lenger sør, og me søkte på stillingen. Men Ingolf Kro sende brev tilbake om at han nett var oppteken. Den nytilsette blei likevel bare verande eit halvt år, og me søkte på ny. Og denne gongen fekk eg tilslaget. Så, i august 1969, drog me med flyttelasset sørover.

**To do *inne*!**
Det var mørkt då me køyrde av ferja, og me blei vist til eit stort hus, ein tidlegare gamleheim. Etter at det blei avvikla som gamleheim, blei det nytta ei tid som lærarbustad og nå sist som sjukepleiebustad. Det var rart den fyrste morgonen. Helge blei med flyttebilen tilbake til Vesterålen og borna blei køyrde til skulen. Så var eg heilt åleine att i det store huset. Eg skulle eigentleg starta 1. september, men telefonen kalla snart – eg laut ut til eit eldre ektepar på Hognaland. Nils Bokneberg sytte for at eg kom meg vel på plass.

For borna var gamleheimen ei stor oppleving. Dei hadde før bare hatt utedo, det var eit mirakel for dei at det her var heile to do *inne*! Og då Nils Bjørn skulle presentera seg på skulen, fortalde han at:
- Eg heiter Nils Bjørn, er ni år og bur på gamleheimen!

**Bank og småbarnkontroll**
Elles baud arbeidet på mange utfordringar. Langt på veg laut eg ta oppgåver som normalt høyrde til legen å ta seg av. Men det gjekk godt. Ei anna utfordring var å få fødande til klinikken. Ikkje sjeldan kunne ikkje småen venta, men kom til verda om bord. Men det gjekk alltid godt. Ved dei tider var det også dei færraste som hadde telefon. Var noko på ferde, galdt det fyrst å få tak i telefon for sidan å ringa meg. Ei av oppgåvene mine, var også å hjelpa til på småbarnkontrollen. Han heldt til i fyrste etasje i banken.

Fødslane hadde den fordelen at eg fekk betalt for kvar. Då Johannes ynskte seg sykkel, svara eg at me kanskje fekk råd om det blei nokre fødslar. Guten observerte då tri boknadamer som var godt på veg. Kan dei vera nok til ein sykkel? lurte han.

Mange gonger laut eg nattetider rekvirera båtskyss. Det var ikkje alltid spøk med ringt ver og dårleg sikt. Men skyssarane var positive og sto alltid

på. Aldri hende det at dei trekte seg eller klaga.

**På trihjuls motorsykkel til Våga**
Eg hugsar også fyrste gongen eg skulle til Austre Bokn. Eg blei skyssa over til Tåganes der det sto klar ein trihjuls motorsykkel. Så var det å ta plass på lasteplanet – og av garde knatra me til Våga. Då eg skulle tilbake, ville ikkje sykkelen starta. Men det var råd for det, traktoren gjorde nytta. Med den nådde me Albert som frakta meg over sundet att. Det var eit meiningsfylt liv, men eg måtte stå til disposisjon døgnet rundt – telefonen kunne ringa kva tid som helst. Difor var det eit stort framsteg då eg i 1977 tok sertifikat og fekk meg bil. Då slapp eg å vera avhengig av skyssing til lands i alle fall.

Helge treivst også her på Bokn. Han fekk seg fyrst jobb ved ein hermetikkfabrikk i Kopervik. Då fabrikken blei lagt ned, fekk han jobb som postbod på Austre Bokn, ein jobb han hadde til han blei sjuk.

**Kjekt på Bokn!**
Elles har eg aldri ein dag trega på at



**Det var stor stas og mykje folk på 95- og 90-årsfesten til Helge og Else den 10. mars. Jubilantane framme og alle borna bak. Bak frå venstre Sverre, Nils Bjørn, Else Kristine, Helge Kristian, Johannes og Arild.**

**Foto: Anne Lise Nilsen**

me flytta hit eller ynskst meg bort. Noko slikt hadde eg heller ikkje tid til. Det er lett å trivast i Bokn, og heile fem av borna er blitt buande her. Gutane har funne seg boknajenter og kjekkare svigerdøtre kan me ikkje ynskja oss. I 1988 blei eg pensjonert, men stilte opp når det trongst framleis nokre år. Eg har vore med litt i "Pensjonisten" og Røde Kors, men med hus, hage, hund og så mykje slekt rundt, er det alltid nok å gjera.

# KULTURKALENDEREN

**April**
05. Påsken i ord og tonar og påskemåltid på bedehuset **kl. 18.00**
06. Gudsteneste kl. 11.00
08. Gudsteneste kl. 15.00
14. RogalandsRunde i Trial
15. Familiespeiding tur på Boknafjellet kl. 1500
15. Norsk Luthersk Misjonssamband har møte på bedehuset kl 1900
18. Kontaktmøte på bedehuset kl 2000
19. Soknerådsmøte på bedehuset kl. 19.00
20. Kino i Auditoriet
22. Sundagsskule på bedehuset 1030 - 1130
22. Vårkonsert kl. 16.00, arr. Bokn musikkorps
22. Gideon har møte på bedehuset kl 1900
23. Bibellesing på bedehuset kl 1900
25. Sjømannskirken har basar på skulen kl. 19.00
26. Bokn pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30
29. Gudsteneste kl. 18.00, Ung messe - samtalegudst.

**Mai**
04. Kino i Auditoriet
06. Gudsteneste kl. 11.00, konfirmasjon
13. Normisjon har møte på bedehuset kl 1900
17. Gudsteneste kl. 10.30
18. Kino i Auditoriet
20. Sundagsskule på bedehuset 1030 - 1130
27. Gudsteneste kl. 11.00 i Tysværkyrkja, felles for Bokn og Tysvær
31. Bokn pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30-

**Juni**
01. Kino i Auditoriet
03. Gudsteneste kl. 11.00 ute i Loten, felles for Bokn og Tysvær
05. Bokn pensjonistforening på tur til Karmøy
**06. Bokn sanitetsforening har basar på Bokn skule kl. 19.00**
06. Soknerådsmøte på bedehuset kl. 19.00
17. Sundagsskule på bedehuset 1030 - 1130
23. St. Hans feiring på Nærmiljøanlegget kl. 1800
24. Gudsteneste kl. 11.00
30.-06.07 Kretsleir for Vandrarar

**Juli**
07. Sommarmarknad på kaien i Føresvik
08. Gudsteneste kl. 12.00
29. Gudsteneste kl. 12.00

**August**
17. Kino i Auditoriet
30. Bokn pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30
31. Kino i Auditoriet

**September**
14. Kino i Auditoriet
27. Bokn pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30
28. Kino i Auditoriet

**Oktober**
06. NM-Lag i Trial
12. Kino i Auditoriet
25. Bokn pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30
26. Kino i Auditoriet

**November**
09. Kino i Auditoriet
18. Vamp-konsert på skulen
23. Kino i Auditoriet
29. Bokn pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30

**Desember**
07. Kino i Auditoriet

# Gratulerer!

**Send bilde og tekst til post@bygdabladet.no eller MMS til 98 22 15 08**



**Tobias Hatlem - 2 år, 26. februar.**

Lillebroren vår fyller 2 år. Gratulerer med dagen!

**Hilsen fra Andreas og Kristian.**



**Ole Christian Hervik Aksdal - 5 år, 1. mars.**

Hurra for den flotte guten vår!

**God klem frå bestemor og bestefar i Hervik.**



**Frida Vatnaland Eide - 2 år, 4. mars.**

Me vil gratulera med 2 års dagen!

**Klem frå mormor, morfar, onkel Kjetil og oldeforeldre på Bokn.**



**Magne Røsdal Lund - 4 år, 5. mars.**

Hipp Hurra for den kjekke og flotte gutten vår. Gratulera med dagen, vennen!

**Gode klemmar fra mamma og pappa, Lovise og Hanna.**



**Therese Våge - 25 år, 9. mars.**

Gratulerer med dagen, kjære Therese!

**Stor bursdagsklem fra mamma, pappa og Vegar.**



**Lovise Røsdal Lund - 3 år, 14. mars.**

Hipp Hurra for den kjekke og flotte jenta vår. Gratulera med dagen, vennen!

**Gode klemmar fra mamma og pappa, Magne og Hanna.**



**William Kro - 3 år, 19. mars.**

Gratulerer med dagen, go'gutten vår!

**Hilsen onkel Hermund, onkel Endre, Maud og Einar, Liv, farmor og farfar.**



**Helge Johannes Nilssen 95 år, 5. feb. og Else Amalie Nilssen 90 år, 7. mars.**

Me ønsker å gratulere så mykje med dagane!

**Helsing familien.**





**Konrad Aarvik Borgenvik, født 17.01**

Me vil gratulera Johnny og Elisabeth med ein velskapte gutt, og Vilde, Tinney og Kornelius med ein flotte lillebror!

**Hilsen frå farmor og farfar, tante Vibeke, tante Elin og Onkel Lauritz, Simon og Regine.**



**Johannes G. Alvestad - 5 år, 19.03**

Hipp hipp hurra for Johannes! Gratulera så møje med 5 års dagen. Masse glad i deg!

**Stoor klem fra tante Irene, farmor og farfar.**



**Tom Inge Aksdal - 25 år, 27. mars.**

Gratulerer med 25 års dagen!

**Hilsen mor, far og Anders.**



**Ingleif Kro - 28 år, 4. april.**

Gratulerer med dagen!

**Hilsen mor, far og brødre.**

## Formannskapsmøte 31. januar 2012

### 004/12: Sal av næringstomt

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Bokn formannskap vedtar forslaget til kjøpekontrakt som ligg føre. Kjøpar er endra frå Tormod Våga til Nibe AS.

**FS-004/12 VEDTAK:**

Rådmannen sitt forslag vart samrøysta vedtatt.

### 005/12: Kjøp av tomteareal til bustadformål

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Bokn formannskap vedtek å gjennomføra avtalen om kjøp av grunn frå Marta Alvestad - førebels berekna til 20,878 da. - i samsvar med intensjonen i F.sak 064/08.

Rådmannen får fullmakt til å gjennomføra kjøpet umiddelbart.

Kostnadene med kjøp av arealet kr. 2,1 mill. dekkes gjennom bruk av disposisjonsfondet.

**FS-005/12 VEDTAK:**

Arne Hosaas gjekk frå som ugild.

Rådmannen sitt forslag til vedtak vart deretter samrøysta vedtatt med 6 voterande.

### 007/12: Handlingsplan for folkehelse

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Rådmannen vil med dette fremje forslag om å vedta Handlingsplan for folkehelse 2011- 2012. Det er i kommunens budsjett sett av nødvendige midlar for å mogleggjere realisering av definerte tiltak.

**FS-007/12 VEDTAK:**

Formannskapet vedtok samrøysta å rå til at rådmannen sitt forslag vert vedtatt.

## Forvaltningsstyremøte 8. februar 2012

### 002/12: Gnr 20 bnr 11 -Per Jonny Håland -terrasse og takoverbygg - dispensasjon

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Forvaltningsstyret dispenserer med heimel i § 19-2,- jfr § 19-4- i plan- og bygningslova frå gjeldande bebyggelsesplan, for bygging av terrasse med mindre takoverbygg og innsetting av portar i båtstø, slik som omsøkt.

Det omsøkte tiltaket inneber etter forvaltningsstyret sitt skjønn ei løysing som betre tilfredstiller kravet i § 29-2 i plan- og bygningslova med omsyn til visuell utforming enn tiltaket som alt er godkjent og gjennomført, og føremona ved å gje dispensasjon er derfor etter forvaltningsstyret si vurdering klårt større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Det er ein føresetnad at dei opplysningane som ligg føre i form av teikningar etc. som har vore naudsynt for å ta stode til saka, er korrekte.

Det vert presisert at forvaltningsstyret ikkje tek stode til om privatrettslege tilhøve er til hinder for at tiltaket vert gjennomført som omsøkt.

Dersom det ikkje kjem klage på vedtaket innan klagefristen, kan endeleg byggeløyve gjevast administrativt, på delegert fullmakt.

Det må ikkje utførast noko arbeid før byggeløyve ligg føre.

**FV-002/12 VEDTAK:**

Rådmannen sitt framlegg vart godkjent utan endringar.

### 003/12: Gnr 20 bnr 17 -Kolbjørn Hellestø -terrasse og takoverbygg- dispensasjon

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Forvaltningsstyret dispenserer med heimel i § 19-2,- jfr § 19-4- i plan- og bygningslova frå gjeldande bebyggelsesplan, for bygging av terrasse med mindre takoverbygg og innsetting av portar i båtstø, slik som omsøkt.

Det omsøkte tiltaket inneber etter forvaltningsstyret sitt skjønn ei løysing som betre tilfredstiller kravet i § 29-2 i plan- og bygningslova med omsyn til visuell utforming enn tiltaket som alt er godkjent og gjennomført, og føremona ved å gje dispensasjon er derfor etter forvaltningsstyret si vurdering klårt større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Det er ein føresetnad at dei opplysningane som ligg føre i form av teikningar etc. som har vore naudsynt for å ta stode til saka, er korrekte.

Det vert presisert at forvaltningsstyret ikkje tek stode til om privatrettslege tilhøve er til hinder for at tiltaket vert gjennomført som omsøkt.

Dersom det ikkje kjem klage på vedtaket innan klagefristen, kan endeleg byggeløyve gjevast administrativt, på delegert fullmakt.

Det må ikkje utførast noko arbeid før byggeløyve ligg føre.

**FV-003/12 VEDTAK:**

Rådmannen sitt framlegg vart godkjent utan endringar.

### 004/12: Gnr 3 bnr 12 -Per Eivind Ognøy - frådeling av tomt - klage på dispensasjonsvedtak

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Forvaltningsstyret finn ikkje at klage dagsett 28.12.2011 frå fylkesmannen i Rogaland inneheld nye opplysningar og argument som ikkje var kjent for forvaltningsstyret då det vart gjort vedtak i sak 044/11.
Forvaltningsstyret held derfor fast på tidlegare vedtak i saka.

Saka vert sendt fylkesmannen i Rogaland til endeleg avgjerd.
---

Saka blei drøfta.

Unni W. W. Høyvik sette fram fylgjande framlegg til vedtak:

Klage frå fylkesmannen blir ikkje teken til fylgje. Det blir ikkje gjeve dispensasjon etter § 19-2 for å kunna dela frå bustad nr. 2 på gnr. 3 bnr. 12.
Grunngjeving: Det ligg ikkje føre overvekt som talar for dispensasjon i høve til omsynet til landbruksdrift. I samband med kommuneplanarbeidet vil det bli gjort vurderingar av kor framtidige landbruksgrenser skal gå.

**FV-004/12 VEDTAK:**

Ved avrøsting fall framlegget frå Høyvik mot ei røyst.
Rådmannen sitt framlegg blei vedteke mot ei røyst.

## 005/12: GNR. 11 BNR. 34 - Lars Kåre Sæbø - nausthytte- klage på dispensasjonsvedtak

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**
Plan- og bygningslova
Byggesaksforskrifta (SAK10)
Reguleringsplan med føresegner

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Forvaltningsstyret finn ikkje at klage dagsett 09.12.2011 frå Bente Hopland, klage dagsett 15.12.2011 frå May-Lis Kjellesvik eller klage dagsett 15.12.2011 frå Hans B. og Lillian Alvestad v/adv. Knut Magnus Haavik inneheld nye opplysningar og argument i høve til spørsmålet om dispensasjon frå plankravet, som ikkje var kjent ved handsaming av sak 037/11.
Forvaltningsstyret held derfor fast på vedtaket i sak 037/11.

Saka vert sendt fylkesmannen i Rogaland til endeleg avgjerd.

**FV-005/12 VEDTAK:**

Rådmannen sitt framlegg vart godkjent utan endringar.

## 006/12: Meldingssaker

- Adm. vedtak datert 12.12.2011.
Gnr. 4 bnr. 32 Løyve til tiltak utan ansvarsrett – garasje.

- Adm. vedtak datert 16.01.2012
Gnr. 9 bnr. 174 Søknad om tiltak utan ansvarsrett – ny garasje.

- Adm. vedtak datert 27.01.2012
Gnr. 11 bnr. 185 Bokn kommune – frådeling av næringsareal i Knarholmen.

- Adm. vedtak datert 30.01.2012
Gnr. 11 bnr. 185 Bokn kommune – frådeling av næringsareal i Knarholmen

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Meldingssakene blir tatt til orientering.

**FV-006/12 VEDTAK:**
Rådmannen sitt framlegg vart godkjent utan endringar.



# Forvaltningsstyremøte 21. mars 2012

## 008/12: Gnr 19 bnr 72 - Kurt Jøsang - næringsbygg - søknad om dispensasjon

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Forvaltningsstyret gjev med heimel i Pbl. § 19 – 2 dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen for å byggja næringsbygg, sjøhus, på gnr 19 bnr 72, som skal nyttast til fiskemottak.

2. Før det kan gjevast rammeløyve må det sendast inn søknad med nye teikningar som tilfredstiller krava i § 29-1 og 2 som krev god visuell kvalitet i høve til funksjon og omgjevnader. Det må i samsvar med tilråding frå fylkesmannen ikkje vera meir areal på vindaugo enn det som er eit minimumskrav for arbeidsrom og kvilerom. Andre rom må vera utan vindaugo.

Plan- og bygningslova gjev ikkje rom for at søkjaren sjølv kan vera ansvarleg søkjar, ansvarleg prosjekterande, ansvarleg utførande eller ansvarleg kontrolerande for næringsbygg. Før rammeløyve kan gjevast må naudsynt ansvar vera på plass.

Det må sendast nytt nabovarsel.

3. Forvaltningsstyret delegerer til administrasjonen å godkjenna rammeløyve etter at ny søknad som tilfredstiller krava er komen inn.

Saka blei drøfta. Arbeiderpartiet sette fram forslag som fylgjer:

Saka blir utsett fram til det ligg føre nye teikningar, som er i samsvar med tilråding frå fylkesmannen.

**FV-008/12 VEDTAK:**

Rådmannen sitt framlegg fall. Framlegg sett fram frå arbeiderpartiet blei samrøystes vedteke.

## 009/12: Gnr 19 bnr 71 - Sigurd Jøsang - næringsbygg - søknad om dispensasjon

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Forvaltningsstyret gjev med heimel i Pbl. § 19 – 2 dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen for å byggja næringsbygg, sjøhus på gnr 19 bnr 71, som skal nyttast til lager/ verkstad i samband med yrkesfiske.

2. Før det kan gjevast rammeløyve må det sendast inn søknad med nye teikningar som tilfredstiller krava i § 29-1 og 2 som krev god visuell kvalitet i høve til funksjon og omgjevnader. Det må i samsvar med tilråding frå fylkesmannen ikkje vera meir areal på vindaugo enn det som er eit minimumskrav for arbeidsrom og kvilerom. Andre rom må vera utan vindaugo.

Plan- og bygningslova gjev ikkje rom for at søkjaren sjølv kan vera ansvarleg søkjar, ansvarleg prosjekterande, ansvarleg utførande eller ansvarleg kontrolerande for næringsbygg. Før rammeløyve kan gjevast må naudsynt ansvar vera på plass.

Det må sendast nytt nabovarsel.

3. Forvaltningsstyret delegerer til administrasjonen å godkjenna rammeløyve etter at ny søknad som tilfredstiller

krava er komen inn.

Saka blei drøfta. Arbeiderpartiet sette fram forslag som fylgjer:

Saka blir utsett fram til det ligg føre nye teikningar, som er i samsvar med tilråding frå fylkesmannen.

**FV-009/12 VEDTAK:**

Rådmannen sitt framlegg fall. Framlegg sett fram frå arbeiderpartiet blei samrøystes vedteke.

### 010/12: Gnr 20 bnr 11- Per Jonny Håland- terrasse og takoverbygg- klage

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Forvaltningstyret finn ikkje at klage frå adv. Trond Hjelde på vegne av Jarle Jøsang inneheld nye opplysningar eller argument som ikkje var kjent då det vart gjort vedtak i sak 002/12.
Forvaltningstyret held derfor fast på vedtaket i sak 002/12.

Forvaltningsstyret rår til at ei eventuell usemje med omsyn til grenser vert teke til jordskifteretten.

Forvaltningsstyret vil likevel vise til at det må sendast inn fullstendig byggesøknad med naudsynte teikningar, utfylte skjema etc., og som vilkår for godkjenning av byggesøknad vil det verta sett krav om uavhengig kontroll av plassering, teikningsgrunnlag og for at tiltaket vert utført i samsvar med godkjenninga.

Klagesaka vert sendt fylkesmannen i Rogaland til endeleg avgjerd

**FV-010/12 VEDTAK:**

Rådmannen sitt framlegg blei vedteke slik det låg føre.

### 011/12: Gnr 20 bnr 17 - Kollbjørn Hellestø - terrasse og takoverbygg -klage

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Forvaltningstyret finn ikkje at klage frå adv. Trond Hjelde på vegne av Jarle Jøsang inneheld nye opplysningar eller argument som ikkje var kjent då det vart gjort vedtak i sak 003/12.
Forvaltningstyret held derfor fast på vedtaket i sak 003/12.

Forvaltningsstyret rår til at ei eventuell usemje med omsyn til grenser vert teke til jordskifteretten.

Forvaltningsstyret vil likevel vise til at det må sendast inn fullstendig byggesøknad med naudsynte teikningar, utfylte skjema etc., og som vilkår for godkjenning av byggesøknad vil det verta sett krav om uavhengig kontroll av plassering, teikningsgrunnlag og for at tiltaket vert utført i samsvar med godkjenninga.

Klagesaka vert sendt fylkesmannen i Rogaland til endeleg avgjerd.

**FV-011/12 VEDTAK:**

Rådmannen sitt framlegg blei vedteke slik det låg føre.

# UKM Rogaland

Jardar Havikbotn

**Fylkesmønstringa gjekk av stabelen i Tysværtunet Kulturhus 16.-18. mars. Det var ei kjempe-oppleving for dei som var med.**

Benedicte O. Mæland og Ida Havikbotn representerte Bokn, og då førstnemnde var på reise i utlandet den helga, var det greit for Ida å ha ei venninne med seg, sjølv om Tysvær/Bokn-deltakarane hadde eigen vaksen-leiar.

**Stor aktivitet**
180 ungdommar frå heile fylket var samla for å visa fram det dei kan og brenn for. Alle budde på Tysværtunet heile helga, og dei blei knytta mange nye vennskap, med folk med same interesse. Deltakarane var m.a. på opningskonsert, kino, workshops, bading, diskotek og jamsession. Alt gratis. I tillegg var det tre konsertar på mønstringa, ein på laurdagen og to på sundagen. Deltakarane lærer av kvarandre og får inspirasjon til å satsa vidare. Ikkje rart at Ida sa til "Karmsund Avis" etter helgeslutt at det hadde vore "Verdens beste helg".

Ida framførte sin låt, "Someone Like You", på laurdagen. Ho var kjempefornøgd, for det heile blei gjennomført utan feilskjer, og med alle dei nye forbetringane ho hadde øvd inn sidan lokalmønstringa. Ein del familie og venner hadde møtt opp, og eg håpar fleire unge i Bokn fekk augo opp for den store hendinga som UKM er, og melder seg på til neste år.



**Ida fram-førte "Someone Like You" på fylkes-mønstringa utan feilskjer, og var kjempefornøgd.**

Ungdommens kulturmønstring er ein av landets største offentlege satsingar på ungdomskultur, som har pågått sidan 1985. Dei unge kan delta med alle slags kulturuttrykk. UKM er ingen konkurranse, og det er den lokale mønstringa som er viktigast. Stikkordet er mangfold. Ein jury skal velga ut dei som skal representera kommunen vidare, og dette skjer på grunnlag av originalitet, kreativitet, publikumskontakt og kvalitet.

**Meld deg på!**
Eg trur det er fleire unge boknarar som sit på gjerdet til UKM. Det verkar også kanskje litt skremmande for enkelte å opptre på ein større plass enn den trygge gymsalen, eller Auditoriet på Bokn skule.
Løysinga er enkel, for alle i målgruppa. Meld deg på lokalmønstring til neste år, og bidra til at mønstringa i 2013 blir på Bokn skule!

UKM 2012
WWW.UKM.NO

## Boknakryss



### VANNRETT

1: Klesplagg
6: Drikke
7: Masa
9: Spis
10: Kastanje ---
12: Ikkje din
14: To like
15: Har hesten
17: Hyl
18: Redskap
20: Mor til kalven
21: Uveda(bakvendt)
23: Rekker
24: Jentenavn
26: Ekte
28: To like
29: Kvikk
30: Flamme
31: Sjøfugl
33: Flatemål
34: Bråk / sjau
35: Tri like
36: Etternavn
38: Stille
41: Sivbåt
42: Struts
43: Tal
44: Utrop
45: Slutta
47: Slutning
49: Store
50: Sint
51: Månefase

### LODDRETT

1: Rideutstyr
2: Handyret
3: Husdyr
4: Ikkje lang
5: Smerte
8: Bokn`s mest kjente stad
11: Blir større
13: Noko å ha ting i
15: Stadnavn
16: Hummar & -----
19: Ikkje noko
22: Part
25: Belegg
27: Smart
32: Utolmodige
34: Gardsnavn
37: Bibelsk navn
39: Varme
40: Gnikker
41: Ordne
44: Lokkemat
46: Dokter
48: Måleenhet

## Løysing, feb. 2012



## Omsetning av eigedomar i Bokn

**Lodavegen 519 (Gnr 20, bnr 2)** er overdradd fra Kenneth Grønnestad til Mathias Grønnestad og Gerda Mathilde Grønnestad

**(02.02.2012)**

**Andel av Lodavegen 519 (Gnr 20, bnr 2)** er overdradd fra Gerda Mathilde Grønnestad til Mathias Grønnestad

**(02.02.2012)**

**Lodavegen 519 (Gnr 20, bnr 2)** er solgt for kr 3.626.000 fra Mathias Grønnestad til Tommy Brekke og Heidi Vesterøy Hausken

**(02.02.2012)**

**Salget omfatter også Gnr 20, bnr 9**

**Kjelde:**

**Statens kartverk**

## GYMSAL, KVELD - OPPDATERT MARS 2012

| DAG | AKTIVITET | KL. | ANSVARLEG |
|---|---|---|---|
| Mån | Fotball G13<br>Bokn skulekorps<br>Bokn Brass/RH | 16.30 - 17.45<br>17.45 - 20.00<br>20.00 - 22.00 | Grethe Alvestad<br>Lillian Grønnestad<br>Jardar Havikbotn |
| Tys | Barnetrim<br>Friskis & Svettis<br>Fotball G7<br>Volleyball | 16.30 - 17.30<br>20.00 - 21.00<br>17.30 - 18.30<br>18.30 - 20.00 | Catharina Øvrebø<br>Anette Våga<br>Trond Foss<br>Elisa Skeie |
| Ons | Allidrett<br>Fotball G10/11 | 16.15 - 17.00<br>17.00 - 18.00 | Svein O. Alvestad<br>Grethe D. Jøsang |
| Tor | Fotball 8 år<br>Fotball J10<br>Friskis & Svettis<br>Volleyball, vaksne | 17.00 - 18.00<br>18.00 - 19.00<br>19.00 - 20.00<br>20.00 - 22.00 | Erik Våga<br>Sonja Mikkelsen<br>Anne L. Faye<br>Trond Vatnaland |

## Kirkens Nødhjelps fasteaksjon

**Sju konfirmantar samla 27. mars inn kr. 18.547,- til aksjonen. Eit kjempe-resultat, ikkje langt frå rekorden i 2010.**

Ifølge FN lever over 1 milliard menneske framleis i ekstrem fattigdom. Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2012 set fokus på økonomisk rettferd i Guatemala og Tanzania.




**Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2012 handlar om rettferd!**

Serie

# Eg seie meg så

Birger Lindanger

**Dagsenterdamene**
Også denne gongen var uttrykka litt "vrine" – som nokre av innsendarane peika på. Men jammen var det imponerande kva sjølv unge folk visste.

I redaksjonen var det få som visste at dei nokon gong hadde treft eit *pådåddel*. Men halvparten av svararane visste at dette var eit stabeist eller vrien person.

Sist viste det seg å vera fleire løysingar på same ordet. Men det visste me ikkje i redaksjonen før me fekk svara. Og dermed tykte me me måtte gje poeng også for det svaret me i utgangspunktet ikkje var klar over.

Elles imponerte Dagsenterdamene storleg med å ha alle rette. Det må likevel seiast at også dei andre innsendarane heldt eit imponerande nivå.

## Så forklaringane:

| | | |
|---|---|---|
| 1. | eit kokse | eit stort ausekar med handtaket inni/ mjølause |
| 2. | å skrulla | å fantasera, tulla |
| 3. | eit pådåddel | eit stabeist, ein vanskeleg person |
| 4. | ein vassbenk | Demning for vatnet i torvmyra/utandørs oppvaskbenk |
| 5. | å roda | Raka ut kvist og liknande etter å ha spreidd ut naturgjødsel |
| 6. | å hipsa | å dra opp, heisa opp |
| 7. | å holva | å kvelva, snu opp ned |
| 8. | å henta rumpedraget | å narra folk til å henta noko som ikkje finst |
| 9. | askjelege | merkeleg, uvanleg, ikkje heilt i form |
| 10. | ei hokka | ei blanding/samrøra av mange ulike matingrediensar |

**MÅNADENS UTTRYKK**
**Kva betyr...**

1. avlagde
2. ei uhema
3. å vera bøsen
4. forknedaleg
5. eit slabberas
6. avslegjen
7. å siga i skrokk
8. ein stae
9. ein bandakniv
10. å vera dauren



**Var "bøsen" nestkommanderande til "basen"? Bøsen er såleis ein tittel nytta ved fisket.**

**Teikning: BL**

**Resultat:**
Dagsenterdamene 10 poeng
Andor Borgenvik 8 poeng
Sjukestova 8 poeng

Rosande omtale også til Audhild Svensen Alvestad for solid innsats.

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad **innan 16. april**. Skriv då ned nr. med forklaringa bak.

**Du kan senda inn på fleire måtar:**

MAIL post@bygdabladet.no
SMS 98 22 15 08
BREV Bokn Bygdablad
Boknatun
5561 Bokn

I neste blad kjem ei oppsummering av samanlagt-status til nå. Vil det då visa seg at dei gamle er eldst? Følg med, følg med!

Me vil oppfordra lesarane om å koma med gamle boknaord og uttrykk. Dei som gjer det, vil bli løna med rosande omtale.

# Ny seksjonssjef helse, sosial, barnevern

**Hildegunn Andreassen begynte i Bokn kommune 1. mars.**

Ho har kontor i 1. etasje på Boknatun, med tlf. 52 75 25 34 - 48 11 36 81.

**Ein nærmare presentasjon av den nye medarbeidaren kjem i neste blad.**





Hytter/Leiligheter med båt og kaiplass
Uke, måned eller åremål
Ta kontakt med
Atle Jøsang - tlf. 900 72 369
Mail: atle.josang@griegseafood.com

**KRO GÅRD – KROVÅGEN HESTESENTER**
Austre Bokn – tlf. 91120801/95114786 - kachris@online.no

## Ridekurs og andre aktiviteter - se www.kro-hest.no

## KFL bil og utleige

| | |
|---|---|
| Utleige av stillas | frå 500 kr. veka |
| Utvendig lakkrens av bil | frå 2500 kr. |
| Innvendig reingjering | frå 500 kr. |
| Skinnpleie | frå 500 kr. |
| Desinfisering av klimaanlegg | 500 kr. |

**Kjell Frode 907 83 797**
**John Magne 909 24 964**
**Epost: kjellfrode75@hotmail.com**

***Takk!***

*En hjertelig takk til alle, store og små, som gledet oss på 95– og 90 års-dagene.*

*Hilsen Helge og Else*

## Har du avlagde kler, sko og leiker?

Kunne du tenkje deg å gi dei til eit godt føremål?

Me har innsamling på Kyrkjebygd kulturhus, i Petra/Artep sine lokale, kvar onsdag kl. 16-20.

Du kan levere i berepose eller i bossekk, og alt må vere reint og heilt.

For at det skal kome fram til dei som treng det, ber me om kr. 10,- for ein berepose, og kr. 50,- for ein bossekk.

Vil du gjerne levere noko frå deg, men har ikkje moglegheit ein onsdag? Ring ein av oss, så kan me avtale ei anna tid og dag.

Innsamlinga er i samarbeid med THK-stiftinga på Karmøy - **www.thk.no/**

**Annette Bokneberg (91 32 82 58) og**
**Elisabet Taraldlien (46 95 95 13)**

**BYGDESERVICE**
BOKN BYGDESERVICE BA
5561 BOKN - Tlf: 52 74 81 65

Har du noko arbeid du skulle ha gjort, vedlikehald, vaktmeistertenester m.m.

Spør oss!

Tlf. 99 51 39 72 - 52 74 81 65

coop marked

# COOP MARKED BOKN

coop marked

## Mandag til fredag: 09.00 - 18.00

## Lørdag: 09.00 - 16.00

## Drivstoff hele døgnet - kortautomat

Utleige av minigraver 2500 kg

| | |
|---|---|
| Pris døgn | kr. 1.000,- + mva |
| Pris veke | kr. 5.000,- + mva |
| Pris pusseskuffe | kr. 150,- + mva |
| 3.500 kg hengar, døgn | kr. 400,- + mva |

**Kontaktpersoner:**
John Magne Lie 909 24 964
Kjell Frode Lie 907 83 797

**Bokn & Tysvær begravelsesbyrå**
John Magne Lie - 909 24 964
Kjell Frode Lie - 907 83 797

Annonsér i Bokn Bygdablad

*Bokn Bygdablad ynskjer alle lesarane sine ein riktig god påske!*

## Kommunal info

### Møteplanar, kommunale styre og utval

**Bokn kommunestyre**
17.04 kl. 19.00 (Boknatun 2. etg.)
19.06 kl. 19.00 (Boknatun 2. etg.)

**Bokn formannskap**
24.04 kl. 17.00 (Boknatun 1. etg.)
15.05 kl. 17.00 (Boknatun 1. etg.)
05.06 kl. 17.00 (Boknatun 1. etg.)

**Bokn forvaltningsstyre**
02.05 kl. 18.00 (Boknatun 1. etg.)
30.05 kl. 18.00 (Boknatun 1. etg.)

**Bokn sokneråd**
19.04 kl. 19.00 (Bokn bedehus)
06.06 kl. 19.00 (Bokn bedehus)

Politiske møte blir gjort kjende gjennom oppslag på Coop Marked Bokn og kommunen si heimeside ei veke før møtet går av stabelen.
Sakspapira blir utlagde til offentleg ettersyn samstundes i Servicetorget og Bokn bibliotek.
Det kan bli sett opp ekstramøte ved behov.

## Innskriving av elevar

til 1. kl. i Bokn for skuleåret 2012/2013

Velkomen til innskriving for 1. kl. 2012/2013 på Bokn skule **fredag 27. april kl. 09.00.**

Alle barn i Bokn som er fødde i 2006 eller før, og som ikkje har byrja i skulen, skal etter §2-1 i Opplæringslova skrivast inn.

Det kan innvilgast utsett skulestart med eitt år etter søknad frå foreldra/føresette. Likeeins er det høve til å søkje om framskoten skulestart med eitt år dersom barnet fyller 5 år innan 1. april 2012. Avgjerd om utsett eller framskoten skulestart skal takast etter sakkunnig vurdering frå PPT. Søknadsfrist for begge er 15. mai 2012.

Det vert sendt ut innbyding til kvar elev med fleire opplysningar om innskrivingsdagen.

Velkomen til Bokn skule!

**Med helsing**
**Ingjerd Ellingsen**
**rektor**

### Ledige lærarstillingar og miljøterapeut-stilling

Bokn kommune har rundt 840 innbyggjarar og ein skule. Skulen som er ein 1 – 10 skule, har p.t. 124 elevar og ligg i Føresvik med fin utsikt over Boknasundet. Frå Haugesund tek det rundt 40 minutt med bil for å kome til oss. Personalet tel rundt 30 tilsette i heile og reduserte stillingar, og er samansett av unge og litt eldre personar med lærarutdanning i tillegg til assistentar og miljøterapeutar. Alle desse ser fram til å få deg som kollega i eit godt og inkluderande arbeidsmiljø.

Skulen har ei eiga avdeling med brei fagkompetanse til hjelp for elevar med spesielle behov.

**Frå 01.08.2012 blir det ledig:**

**Lærarar:** Barnesteget og ungdomssteget – inntil fleire årsvikariat.
**Miljøterapeut:** For miljøterapeutstillinga blir det kravd relevant høgskuleutdanning.

Ved tilsetjing vil det bli lagt vekt på formell kompetanse og personlege eigenskapar.

Ein kan få nærare opplysningar om stillingane ved å kontakte rektor Ingjerd Ellingsen - 52752551/ 98221511 eller seksjonssjef Bjørn Nøttum tlf 52752550.

Søknad med CV og kopiar av vitnemål og attestar kan sendast til Bokn kommune, Boknatunvegen 11, 5561 Bokn eller på e-post til post@bokn.kommune.no.

**Søknadsfrist torsdag 12. april 2012.**

## Vikar på legekontoret

Hildegunn Andreassen

**Kommuneoverlege Dag-Helge Rønnevik vil etter sommarferien i år gå ut i permisjon (1 år) frå stillinga si i Bokn kommune. Vikar er på plass.**

Rønnevik har takka ja til ei stilling som kommuneoverlege i Karmøy, og starta der i 20%-stilling allerede denne veka. I august vil han begynna der I 100%-stilling. Vikaren, som då går inn i Rønnevik si stilling, heiter Jan Schille.

Det blir ingen endringar, verken på legekontoret eller i andre delar av seksjonen.

STORT FRAMSIDEBILDE:

Sildefiske, sjå s. 4

Foto: Kjetil Hamre



# Om det ikke blir gøy å betale regninger, så blir det i alle fall enklere. Ny mobilbank, nå med godkjenning av eFaktura.




Nå kan du laste ned en hurtigere og mer funksjonell mobilbank som kun inneholder tjenester du vil få bruk for. For eksempel godkjenning av eFaktura.



Applikasjonen er for iPhone, iPad, Android og alle mobiler med nettleser, og kan nå lastes ned gratis i App Store eller Android Market. Søk etter "mobilbank" eller "sparebank1".

SpareBank 1

Bank. Forsikring. Og din frihet.

Apple, the Apple logo and iPhone are trademarks of Apple Inc., registered in the U.S. and other countries. App Store is a service mark of Apple Inc.

## Vi trenger din støtte!

Ønsker du å støtte oss, enten som sponsor eller som funksjonær under løpet?

Kontakt sponsoransvarlig:
John Kristensen 982 48 265 john.kristensen@haugnett.no
Fredrik Faye 922 70 796 ff@highcomp.no

Frivillig funksjonærkontakt:
Artur Trosnavåg 911 98 937 martin@bokn-trial.com

## Om Trial

Trial er den einaste motorsporten der det ikkje er om å gjere å køyre fortast mogleg. Trial er nemleg ferdigheitskøyring med sykkel. Poenget med trial er å kunne ta seg fram i terrenget utan å setje føtene i bakken, stoppe, kveltre, eller køyre utanfor løypa eller seksjonen i terrenget. Vanskeligheten på seksjonane varierer etter nivå og sylindervolum på motorsykkelen. Eit løp arrangeres med eit visst antall seksjonar som køyres ein, to eller tre ganger. Den som har ferrest "fotingar" (prikkar) har vunnet. Det arrangeres NM, NM-Lag, Noregs-cup og regionsløp i trial.

Meir informasjon:
www.bokn-trial.com
Martin Trosnavåg

PLUGGEN MOTORKLUBB

# Bokn 2012

PLUGGEN MOTORKLUBB

RogalandsRunde - 14.04.2012
BOKN NM-Lag - 06.10.2012 BOKN



**Pluggen Motorklubb**
www.bokn-trial.com



HÅRSMIÅ

Ønsker alle hjertelig velkommen til min nye salong

Drop innom eller bestill. Åpent hver dag fra 08.30 og ut over kvelden for de som vil komme etter arbeidstid.

52748647/46442920

Med vennlig hilsen
Mona på Hårsmiå






**DAGSENTERET**

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00
Treng du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.

Påmelding på tlf. 93 09 39 98

**Mariann Skjelde - aktivitør**

**NAV BOKN**

Kontortid kl. 9.00 – 14.30

**Kundesenteret: tlf. 55 55 33 33**

**Unn A. Mustaparta - leiar**

**HELSESØSTER**

Helsestasjonen er open måndagar, tysdagar og onsdagar kl. 08.00 -15.30
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 46 93 69 65

**Henriette S. Lindanger - helsesøster**

**JORDMORTENESTA**

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet mandag i oddetallsuker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61
Timebestilling: Ta kontakt på helse-stasjonen!

**Bodil Ljones Auestad - jordmor**

**BOKN FYSIOTERAPI**

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.

52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

**Geir Austvik - fysioterapeut**

## BOKN TANNKLINIKK

**Bokn tannklinikk tar nå imot nye vaksne pasientar.**

**Kontortid**
**tysdagar kl. 08.30 - 15.10**
**Tlf. 52 75 25 80**

Timebestilling kan også gjerast via Tysvær tannklinikk, tlf. 52 75 45 20

**Tannlege Ingjerd Hope Myklebust**

**Prøv ein annonse i Bokn Bygdablad**

**BOKN LEGEKONTOR**

Kvar tysdag og fredag samt onsdagar i partallsveker.
Opningstider 08 – 15.30.
Telefontider 08-11 og 13-14.
Telefon 52 75 25 40.

**Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring Bokn Legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).**

**Ved livstruande tilstand, ring 113.**

Timebestilling på internett eller SMS, sjå www.bokn.no for meir info.

Lista blir fylt opp, men det er framleis ledig kapasitet!

**Dag-Helge Rønnevik - lege**

**BOKN FOTTERAPI**

| | |
|---|---|
| Onsdag | kl. 08.15 - 12.30 |
| Torsdag | kl. 08.15 - 14.00 |
| Timebestilling | tlf. 99 70 74 28 |

Sjå s. 4

**Rita Bokneberg - fotterapeut**

**LANDBRUKSKONTORET**

Kontordag kvar torsdag på Boknatun kl. 08.00 - 12.00

Direkte nummer: 52 75 25 11

Avtale etter kl 12 må gjerast særskilt.

**Bjørn Bruaset: 52 75 71 75**
**Emilie Moi Eikje: 52 75 77 69**

**SERVICETORGET**

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30– 15.00

**Me kan t.d. hjelpa deg med:**

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

**Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11**

**E-post: post@bokn.kommune.no**



**Bokn bibliotek**

**Opningstider:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Mån. | 16 - 19 | Ons. | 16 - 19 |
| Tys. | 10 - 13.30 | Tors. | 10.- 13.30 |

A-Blad
Returadresse:
BOKN KOMMUNE
5561 BOKN

# Thorbjørn Egner 100 års jubileum

Sandra Vestvik/Wenche L. Havikbotn



Foto: Jardar Havikbotn

I samband med at Thorbjørn Egner hadde blitt 100 år i desember dette året, har 1.-4. klasse jobba med å bli betre kjend med forfattaren og teiknaren Thorbjørn Egner.

1. - 2. klasse har arbeidt ekstra med Kardemomme by, personane og teikningane.
Dei har laga biodikt og teikna nokre av dei ulike karakterane i Kardemomme by. Resultatet har blitt ein flott Kardemommevegg i 2.klasserommet.

Alle som er oppom skulen i opningstida, må gjerne stikke hovudet inn og sjå!

**På bildet ser med 1. og 2. kl. framfor Kardemommeveggen.**

**Bak frå venstre:**
**Steffen Aksdal, Wiktor Dominik Slodkowski, Andreas Alvestad, Eskil Bokneberg, Sigvart Nathan Våga, Lena Sæbø Tjøsvoll, Miriam Sunde Olaussen, Hannah Sudmann Bannister, Kristine Vågen Alvestad, Sofie Øvrebø, Ole Johan Øvrebø.**
**Framme frå venstre:**
**Joshua Andreas Ognøy, Sondre Norekvål, Markus Foss, Synne Marielle Jøsang, Karianne Våga, Alida Vågen Alvestad, Joakim Øvrebø, Kelly Amber Vatnaland.**

**Jacob Larsen og William Nilsen Alvestad var ikkje til stades då bildet blei tatt.**